

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 26.10.2021

Kjell Håland, A, sette fram slikt alternativt forslag på vegner av A, V, og SV:

«Alternativt helhetlig forslag

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald blir kjøpt av ekstern profesjonell bygningsdriftar av musea i Hordaland, eller gjerast på anna måte av musea i Hordaland/Museumssenteret i Hordaland gjennom driftsavtale.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE.»

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt alternativt forslag:

«Fellesmagasin i fylkeskommunal regi

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tar eigar- og utbyggingsansvar for nytt fellesmagasin for musea. Dette skal skje i tett samarbeid med musea og i samhandling mellom musea. 2. Bygningsdrift og generelt vedlikehald i regi av fylkeskommunen eller i regi av musea i Hordaland / Museumssenteret i Hordaland blir nærmere avklara i prosjekteringsfasen.»

Knut Inge Andersen, FNB, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Tilleggspunkt til innstillinga frå administrasjonen

4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering nyttar ordninga Museumsloft i 2022 for å få fram musea sin tilrådde løysingsmodellar for etablering av fellesmagasin. Dei som vert tildelt midlar under ordninga pliktar å samarbeide om ein felles sluttrapport. 5. Vestland fylkeskommune vil innleiingsvis kunne ta ein koordinerande rolle under aktivitetar som ligg under pkt 4).»

Bjarte Vatnøy, FrP, sette fram slikt tilleggsforslag:

«122/21 Felles magasin

Tillegg til vedtak: For å sikre gode løsninger som sikrer kulturskatter innen rimelig tid, må man sjå på om det kan finnes eit eller fleire eksisterende bygg i markedet som kan brukes, og med mindre ombygginger/oppgraderinger kan nyttast. Dette kan spare prosjektet felles magasin for musea for tid, og kommuner og fylke for store summer økonomisk. Her må man vurdere følgande kriterier : 1. 33 % økonomi, 33 % tid og 33 % tilpasningsmuligheter. 2. Avklare med kommunene hvor stor økonomisk deltagervilje man har til totalsum.»

Kjell Håland, A, sette på vegner av A, V, MDG, SP, SV, R og PP fram slikt **nytt** alternative forslag:

«Nytt alternativt helhetlig forslag

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald avgjøres etter tett dialog med musea om moglege løysingar. I heile prosjektperioden skal det vere tett samarbeid med musea, og samhandling mellom musea.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen

og/eller magasinet til KODE. Bruk av anna eksisterande bygningsmasse må og vurderast.»

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Alternativt helhetlig forslag

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald blir kjøpt av ekstern profesjonell bygningsdriftar av musea i Hordaland, eller gjerast på anna måte av musea i Hordaland/Museumssenteret i Hordaland gjennom driftsavtale.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE.

Vert trekt.»

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Fellesmagasin i fylkeskommunal regi

- 1.Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tar eigar- og utbyggingsansvar for nytt fellesmagasin for musea. Dette skal skje i tett samarbeid med musea og i samhandling mellom musea. 2. Bygningsdrift og generelt vedlikehald i regi av fylkeskommunen eller i regi av musea i Hordaland / Museumssenteret i Hordaland blir nærmere avklara i prosjekteringsfasen.

Vert trekt.»

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag fekk 5 røyster (H, FrP, FNB og UA) og fall.

Andersen sitt tilleggsforslag fekk 3 røyster (FNB, FrP og UA) og fall.

Vatnøy sitt tilleggsforslag fekk 3 røyster (FrP, FNB og UA) og fall.

Håland sitt «nytt alternativt helhetlig forslag» fekk 9 røyster (A, V, R, SP, SV, MDG og PP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald avgjøres etter tett dialog med musea om moglege løysingar. I heile prosjektperioden skal det vere tett samarbeid med musea, og samhandling mellom musea.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. Bruk av anna eksisterande bygningsmasse må og vurderast.